

Folkevalde sine arbeidsvilkår

1. POLITISK ORGANISERING

1.1 Kommunestyret

Kommunestyret har 21 medlemmer med varamedlemmer valde av dei røysteføre innbyggjarane i kommunen etter reglar fastsett i vallova.

Kommunestyret sine gjeremål framgår av kommunelova og internt delegeringsreglement. Ordførarvervet skal vere heildagsverv.

Kommunestyret kan oppnemne andre styre, råd og utval etter trong. Slike nemnder skal få mandatet sitt samstundes med oppnemninga.

1.2 Formannskapet, partsammensett utval og planutval

Formannskapet har 5 medlemmer med varamedlemmer valde av kommunestyret etter dei reglar som framgår av kommunelova. Formannskapet sine gjeremål framgår av kommunelova og internt delegasjonsreglement.

Formannskapet er partsamansett utval (administrasjonsutval) der utvalet har 2 representantar valde av arbeidstakarorganisasjonane i tillegg til formannskapsmedlemane. Partsamansett utval sine gjeremål framgår av AML, Hovudavtalen og internt delegasjonsreglement. Ordføraren er leiar med varaordføraren som nestleiar.

Formannskapet er planutval. Planutvalet sine gjeremål framgår av m.a. plan- og bygningslova.

1.3 Kontrollutval

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer med like mange varamedlemmer. Medlemmer i kontrollutvalet kan ikkje vere medlemmer i formannskapet, eller anna nemnd med avgjerdsmynde, eller vere tilsett i kommunen. Kontrollutvalet sine gjeremål framgår av kommunelova, eigen instruks for kontrollutvalet og reglement.

1.4 Utval for oppvekst, utval for helse og omsorg og utval for kultur

Høyanger kommune har tre politiske utval: utval for oppvekst, utval for helse og omsorg og utval for kultur. Utvala har kvar 5 medlemmer. Medlemmene blir valde frå kommunestyret sine faste medlemmer. Varamedlemmene blir valde frå kommunestyret sine varamedlemmer.

1.5 Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet er oppretta med heimel i arbeidsmiljølova § 7.1. Arbeidsmiljøutvalet skal ha 10 medlemmer der 5 av desse vert valde av kommunestyret. Arbeidsmiljøutvalet sine gjeremål framgår av AML.

1.6 Plan og byggenemnd

Utvalet utgår jfr. kommunestyrevedtak i sak 016/12 den 15.03.2012.

1.7 Forhandlingsutval

Forhandlingsutvalet har 3 medlemmer. Formannskapet føretek oppnemninga der ordføreren er leiar. Dei to andre medlemmene skal vere medlemmer av formannskapet.

1.8 Råd for funksjonshemma og eldre

Råd for funksjonshemma og eldre er oppretta i medhald av lov av 08.11.91, der kommunestyret vel eit råd på 7 medlemer med varamedlemmer. Eitt medlem med varamedlem skal veljast mellom kommunestyremedlemmene/varamedlemmene. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.

1.9 Høyanger Næringsutvikling(HNU)

Næringsutviklingsarbeidet i kommunen er lagt til Høyanger Næringsutvikling AS(HNU). Styret skal ha 7 medlemmer, alle valde av generalforsamlinga i HNU AS. 3 av styremedlemmene vert tilrådd av kommunestyret.

1.10 Høyanger kyrkjelege fellestråd

Kyrkjeleg fellestråd sine oppgåver framgår av kyrkjeleva sin § 14. Kommunestyret vel ein representant til Kyrkjeleg fellestråd. Representanten vert oppnemnt på fritt grunnlag, og må vere medlem av Den norske kyrkja.

1.11 Høyanger Bustadstifting

I vedtektene til Høyanger Bustadstifting i §5 står det at: *Styret skal ha ei samansetning av leiar og 2 medlemmer. Styret vert oppnemnd av stiftaren(Høyanger kommune). Det eine styremedlemmet vert oppnemnd mellom leigetakarane, eller at desse har fått høve til å uttale seg. Varamedlem vert oppnemnd på same måte.*

To av styremedlemmene med varamedlem blir valde av kommunestyret. Det tredje styremedlemmet vert utpeika av rådmannen.

2. KOMMUNALE MØTE

2.1 Møteplanar

Ordføreren skal ha ansvar for at det vert utarbeidd halvårleg møteplan for kommunestyret og formannskap. Det skal i regelen haldast 8 kommunestyremøter for året.

Møtedagen skal i regelen vere tysdag eller torsdag.

Fastsetjing av møter skal skje ut frå behov, evt. etter samråd mellom ordførar og andre leiarar.

Det skal takast omsyn til fri- og helgedagar, samt ferie. Tida 1.7. – 15.8. bør vere fri for kommunale møte.

Det skal haldast møte i tillegg til møteplanen dersom ekstraordinære forhold gjer det nødvendig.

2.2. Tidspunkt for kommunale møter

Møte i kommunestyret skal i regelen ta til kl. 12.00. Møte i formannskapet, partsamansett utval og planutval skal i regelen ta til kl. 10.00.

2.3 Kommunal servering

Det skal i regelen ikkje vere servering på kommunale møter som først tek til kl.1300 eller seinare. Unntak er for formannskapet i dei tilfelle desse har møter som tek til før, eller har lange arbeidsmøter.

3. VEDERLAG FOR TAPT ARBEIDSFORTENESTE

3.1 Folkevalde som deltek i politiske styre, råd og utval

Folkevalde som møter i politiske styre, råd og utval, får refundert tapt arbeidsforteneste for ulegimitert kr. 1.000. For dokumenterte utgifter refunderer kommunen opp til kr. 1.600.

3.2 Plan- og byggenemnda

Utvalet utgår jfr. kommunestyrevedtak i sak 016/12 den 15.03.2012.

3.3 Kommunalt tilsette

Kommunalt tilsette som møter i styre, råd og utval i arbeidstida får ikkje dekka tapt arbeidsforteneste.

3.4 Offentleg verksemd

Tilsette i offentlig verksemd eller andre som opprettheld løna si under fråvær for å ivareta kommunale verv, får ikkje vederlag for tapt arbeidsforteneste.

4. GODTGJERSLER

4.1 Skyssgodtgjersle

Folkevalde som brukar bil i tenesta, får godtgjort dette i samsvar med staten sitt reiseregulativ. Det er ein føresetnad at bruk av eigen bil, utifrå ei totalvurdering av kostnader og den tid som elles går med, er formålstenleg.

Reisene skal samordnast så langt dette praktisk let seg gjere.

I dei tilfelle at reisene ikkje vert samordna utifrå ei totalvurdering, kan ordføraren avgjere at det berre skal utbetalast skyssgodtgjersle etter offentlig regulativ der ein legg til grunn offentlig transportmiddel.

4.2 Kostgodtgjersle

Folkevalde får kostgodtgjersle i samsvar med staten sitt regulativ. Det vert ikkje utbetalt kostgodtgjersle dersom det på møta blir gjeve kommunal eller anna servering.

4.3 Utbetaling av skyss- og kostgodtgjersle og anna direkte utlegg

Refusjon av godkjende utgifter utbetalast straks dersom den folkevalde ber om det. Elles vert refusjon av skyss- og kostgodtgjersle utbetalt ved første ordinære lønningsdag i kommunen. Desse krava må då vere innleverte og godkjende før den siste i månaden.

For å få godkjent krav om reise- og kostgodtgjersle, skal desse vere fremja innan 3 månader frå reise- /møtedato.

4.4 Telefongodtgjersle

4.4.1 Generelt

Folkevalde i Høyanger kommune med politiske verv som gjer det naudsynt med telefon som kommunikasjonsmiddel, skal få dekt telefonutgifter i samsvar med telefonreglement, eller ved å levere rekning for faktisk forbruk.

4.4.2 Ordførar

Mobiltelefon

Høyanger kommune held mobiltelefon. Ved bruk av mobiltelefon til privatforbruk skal den som disponerer denne betale for den private bruken.

Andre dokumenterte telefonutgifter

Dokumenterte telefonutgifter utover pkt. 4.4.1 og 4.4.2, vert dekket etter rekning.

4.4.3 Andre folkevalde

Folkevalde får dekt utgifter til bruk av telefon etter rekning der det kan dokumenterast at telefonutgiftene har samanheng med vervet som folkevald.

4.4.4 Anna bruk av telefon for folkevalde

Ved andre særskilte høve kan ordføraren godkjenne refusjon for bruk av telefon for folkevalde. Slik godkjenning skal meldast rådmannen for budsjettmessig oppfølging.

5. PENSJON FOR FOLKEVALDE

5.1 Pensjon for ordføraren

Kommunen syter for pensjon for ordføraren ved å melde vedkommande inn i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) si pensjonsordning for kommunale/fylkeskommunale folkevalde. Har ordføraren frå før medlemskap i anna pensjonskasse, og vil oppretthalde denne ordninga, skal kommunen under elles tilnærma like vilkår, betale sin arbeidsgjevardsdel til denne pensjonskassa.

Ordføraren betaler sjølv 2 % pensjonsinnskott. Pensjonsordninga for ordføraren tek til å gjelde frå det tidspunkt ordføraren trer inn i vervet som ordførar.

5.2 Andre folkevalde

Det vert ikkje føreteke innmelding i pensjonsordningar for andre folkevalde enn ordføraren.

6. GODTGJERSLE ORDFØRAR OG MØTEGODTGJERSLE

6.1 Ordfører

Ordfører har heildagsverv, og skal ha ei årleg godtgjersle som tilsvarar rådmannen si løn.

6.2 Varaordfører

Varaordføraren skal ha ei årleg godtgjersle som tilsvarande 8 % av ordføraren si godtgjersle.

6.3 Formannskapsmedlemmer

Medlemmane i formannskapet, med unntak av ordfører og varaordfører, får utbetalt godtgjersle tilsvarande 7,0 % av ordføraren si godtgjersle.

Medlemmane i formannskapet, inkl. ordfører og varaordfører, får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for kommunestyremøte og andre kommunale møte.

6.4 Leiar for utval for oppvekst, utval for helse og omsorg, utval for kultur, leiar for kontrollutvalet og leiar for AMU når denne vert ivaretatt av folkevalt

Leiar for utval for oppvekst, leiar for utval for helse og omsorg, leiar for utval for kultur og leiar for kontrollutvalet får utbetalt ei godtgjersle tilsvarande 5 % av ordføraren si godtgjersle.

Desse får ikkje utbetalt møtegodtgjersle for kommunestyremøte og andre kommunale møte.

6.5 Leiar plan og byggenemnd

Utvalet utgår jfr. kommunestyrevedtak i sak 016/12 den 15.03.2012.

6.6 Kommunestyre, utvalsmøte, arbeidsmiljøutval og kontrollutval

Medlemmer av kommunestyre, medlemmer av utval, medlemmer av kontrollutval, medlemmer av arbeidsmiljøutval (berre folkevalde) får møtegodtgjersle med kr. 650 pr møtedag.

Orienteringsmøte på opptil 1 time vert det ikkje betalt møtegodtgjersle for.

6.7 Andre styre, råd og utval

Medlemmer av andre styre, råd og utval valt av kommunestyret eller formannskapet får ei godtgjersle med kr. 650 pr møte.

7. ANDRE VILKÅR FOR ORDFØRAR

Ordfører skal vere medlem av same gruppelivsforsikringsordninga som kommunalt tilsette. Kommunen skal betale godtgjersla i heile perioden ved sjukdom for ordfører.

Ordfører som går av, skal ha godtgjersle ut året som ein kompensasjon for feriepengar og etterløn.

8. DEI POLITISKE PARTIA

Alle kommunalt eigde lokale blir vederlagsfritt stilt til rådvelde for dei politiske partia. Dette gjeld lokale som kommunestyresal, møtelokale i rådhus, samfunnshus og skulehus og andre kommunale bygg som elles blir leigde ut til møterom.

Ein føresetnad for gratis leige er at lokala blir tinga på førehand, og at dei ikkje er utleigde til andre. Vidare er det ein føresetnad at lokala blir nytta til møteverksemd og anna politisk arbeid som ikkje er inntektsgjevande.

9. VEDTAKSORGAN OG TIDSPUNKT

Kommunestyret 30.09.2011, sak 046/11.

Revidert

Kommunestyret 12.05.2015, sak 21/15.